

Magnhild Meltveit Kleppa
Pundsnes
4130 HJELMELAND

Pers.nr. [REDACTED]

Oslo, 10.september 2010

Hjelmeland likningskontor
Postboks 8103
4068 STAVANGER

Likninga for 2007.

Eg var gudmor for ferja "Sand" 24.mai 2007. I samband med denne tilskipinga, fekk eg overlevert eit gullarmband frå Fiskerstrand Verft.


Verftet opplyste i går på førespurnad frå meg at armbandet har ein verdi på 14950 kr.,med eit tillegg på 300 kr.for gravering.

Armbandet er aldri teke i bruk. Eg hadde heller ingen planar om å ta det i privat eige. Eg tok armbandet med til Stortinget. Då eg vart statsråd, fylgde armbandet "flyttelasset" frå Stortinget via Kommunal- og regionaldepartementet til Samferdselsdepartementet. Etersom eg ikkje hadde planar om å ta armbandet i privat eige, er det ikkje rapportert til Stortinget sitt register og heller ikkje oppgitt til likningsstyresmaktene. Eg burde umiddelbart i mai 2007 levert armbandet til Stortingets kontor eller returnert det til verftet. Det vart ikkje gjort.

Armbandet er returnert til Fiskerstrand Verft i dag, 10.september 2010.

Eg vil setja pris på om likningskontoret avklarar eventuelle skattemessige følgjer av denne saka.

Med helsing,


Magnhild Meltveit Kleppa